Arkivkode:
Saksnr.: 2026/4101-1
Sakshands.: Reidun Maria Lofthus
Dato: 29.10.2026

# Saksframlegg

| Utval | Møtedato | Utvalsak |
|---|---|---|
| Kommunestyret | | |

# Fritak frå politiske verv - Åsta Rønning Omholt

## Dokument i saka

- Kommunelova

## Bakgrunn

Omholt blei vald inn som 3. vara for Sosialistisk Venstreparti (SV) til kommunestyret for valperioden 2023 – 2027. Gjennom denne valperioden har SV hatt fleire fritakssøknader. Omholt er difor nå 1. vara for partiet.

Omholt er nå ikkje folkeregistrert i Vinje kommune lengre og ho er då ikkje valbar til kommunestyret. Det kjem difor nå ei sak om at Omholt får fritak frå sine politiske verv.

## Vurdering

I kommunelova §7-9 står det at ein folkevald som ikkje lenger er valbar til eit folkevald organ, trer endeleg ut av organet. Ein folkevald som er registrert som utflytta frå kommunen, og derfor ikkje lenger er valbar, kan likevel tre inn igjen i vervet dersom vedkomande flyttar tilbake igjen innan to år.

Dersom eit medlem av kommunestyret trer endeleg ut, og dei er valde ved forholdsval, skal varamedlemar frå den same lista tre inn i deira stad i den nummerorden varamedlemane er valde (kommunelova § 7-10).
Neste til å tre inn på varalista skulle vore Irene Larsen Øyeflaten, men ho har også flytta ut av Vinje. Det blir difor Karoline Wergeland Kaldråstøyl som blir SV sin siste varamedlem.

## Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Åsta Rønning Omholt får fritak frå sine politiske verv.
Lista til varamedlemar rykker opp i den nummerorden dei er valde, og siste varamedlem for Sosialistisk Venstreparti blir Karoline Wergeland Kaldråstøyl.